

Forfattere:  
Einar Leknes, Kjersti Melberg,  
Svein Ingve Nødland, Arild A.Farsund.

# **Framtidsbygda 2020**

**Fire fortellinger om framtida**

Rapport RF - 2005/108

Oppdragsgiver: Landbruks- og matdepartementet

ISBN: 82-490-0365-9

Dato: 15.juni 2005



## Forord

RF - Rogalandsforskning og Bjerrefjord & Thomassen AS har på oppdrag fra Landbruks- og matdepartementet utviklet scenarier for Framtidsbygda 2020. Målet var å skape forestillinger om framtidens bygde-Norge som skaper oppmerksomhet og offentlig debatt om distriktenes utviklingsveier.

Bakgrunnen er utviklingen i norsk landbruk og norske bygdesamfunn i perioden 1905 - 2005. Framtidsbygda vil vokse fram i et samspill mellom de historiske og kulturelle føringene, politiske rammebetingelser, drivkrefter innenfor næringslivet og ikke minst gjennom hvordan folk og familier velger å innrette seg.

De fire fortellingene er funderte spekulasjoner om hvordan fire bygder med forskjellig utgangspunkt kan utvikle seg når de utsettes for indre og ytre drivkrefter.

I tillegg til denne publikasjonen foreligger et fagnotat (RF-2005/105) og et interaktivt program.

Stavanger 10.juni 2005

Forskningsleder Einar Leknes




## Innhold:

Scenario konseptet .....	I
Drivkrefter .....	II
Om scenario konstruksjonen.....	III
<b>MOTVINDBYGDA .....</b>	<b>1</b>
Bygda i 2005.....	1
Utviklingsprosessen fram til 2013 .....	5
Situasjonsbilete 2020.....	11
<b>AGROBUSINESS-BYGDA .....</b>	<b>14</b>
Bygda i dag og den nære forhistorien.....	14
Utviklingsprosessene frem til 2013 .....	18
Beretningen om situasjonen i 2020.....	20
<b>ANTI-JANTEBYGDA .....</b>	<b>27</b>
På vippen til en positiv framtid? Anti-Jante 2005.....	27
Utviklingsprosessene fra 2005 til 2013 .....	32
Fremtidsfortellingen om Anti-Jantebygda anno 2020.....	35
<b>FORSTADSBYGDA .....</b>	<b>42</b>
Scenen i dag.....	42
Kva skjer dei næraste 8 - 10 åra?.....	47
Scenen i 2020.....	51



# SCENARIO KONSEPTET



Denne fremstillingen inngår som en del av verktøyet senseNet® Stedsutvikling. senseNet® Stedsutvikling er et interaktivt scenarie/strategi- og undervisnings- konsept utviklet av Berrefjord & Thomassen AS og er Copyright © 2005 Berrefjord & Thomassen AS. senseNet er et registrert varemerke for Berrefjord & Thomassen AS. Mer informasjon er tilgjengelig på våre nettsider: [www.bandt.no](http://www.bandt.no)


Fokus er bygda. Perspektivet er bygdas plassering i tid og rom. Vi starter naturlig nok med tidslinjen.

- ⇒ Der nest rettes oppmerksomheten også mot bygdas eksterne omgivelser og mot bygdas egne kjennetegn.
- ⇒ Som grunnlag for scenariebyggingen vil vi trenge kjennskap til bygdas røtter, identitet og nære forhistorie.
- ⇒ Der nest er det behov for å plassere bygda inn i den større sammenhengen, det være seg endringskrefter som utspilles regionalt, nasjonalt og internasjonalt.
- ⇒ Der med har vi det tredje, og som oftest også det viktige element for å beskrive bygdas situasjon: kartlegging av bygdas faktiske og antatt viktigste kjennetegn.
- ⇒ Dette danner grunnlag for dagens ståsted, som er et viktig grunnlag for å kunne se fremover.
- ⇒ Med denne tilnærmingen har vi så lagt grunnlaget for å "se" fremover, og gjøre oss våre funderte spekulasjoner.
- ⇒ - Som sagt innledningsvis; viljen og evnen til å formulere seg scenarisk betrakter vi som en vesentlig forutsetning for strategisk handling.





# DRIVKREFTER



Kilde: Berrefjord & Thomassen AS

Figuren illustrerer hvordan

- historiske føringer (bygda 1905 - 2005)
- ytre drivkrefter (megatrender, politiske rammebetingelser og sentraliseringskreftene)
- indre drivkrefter (geografi og bebyggelse, landbruk og bygdenæringer, det sivile samfunn og familie, individ, ungdom)

vil påvirke utviklingen av bygdene.

Disse drivkreftene er beskrevet i fagnotatet.



## **OM SCENARIO KONSTRUKSJONEN**

De fire fortellingene representerer en scenarisk spennvidde for framtidabygda i Norge. Under har vi illustrert hvordan de fire bygdene i 2020 plasserer seg innenfor sentrale utviklingsdimensjoner.

### **Bygdas integritet: sterk eller svak?**

- Her tenker vi på bygda som en kollektiv aktør; med en tilstrekkelig fellesforståelse, en sterk nok felles handlekraft, en integritet som duger og med en identitet som tydelig formidler bygdas karakter.
  - Vi tenker på bygdas vilje og evne til å mestre egne ressurser og manøvrere på egne vegne i forhold til bygdas ytre omgivelser.
- Hvilke kimer kan vi i 2020 se lå der i årene rundt 2005. Har bygda sterk eller svak integritet?

### **Statens fragmenterte karakter: mestrer eller mestrer ikke?**

- Vi konstaterer statens dels sentralistiske og sterkt fragmenterte karakter m.h.t. å skulle følge opp bygdas helhetlige utvikling.
  - Vi ser for oss at denne kompleksiteten vil tilta ytterligere gjennom WTO- og EØS/EU utviklingen.
  - Vi ser også for oss at markedskreftene, kampen om arealer og bygdens utviklingsbehov legger ytterligere press på statens utforming og praktisering av Odelsloven og Konesesjonsloven.
- Hvordan mestrer bygda denne statlige kompleksiteten?

### **Bygda i stordriftsøkonomi: behersker eller får det ikke til?**

- Multinasjonale matgiganter og kjedene er i ferd med å feste grepene i verdikjeden fra jord til bord.
  - WTO og EØS skjerper lavpris- og stordriftskonkurransen.
  - Servicenæringen og statsbedriftene sentraliseres.
- For bygdene som melder seg på i denne stordriftsøkonomien: hvordan behersker bygdas bedrifter å skulle manøvrere i den virkeligheten?

## **Bygda i småskalaøkonomien: behersker eller får det ikke til?**

- Tankene og prosjektene innrettet mot småskala- og nisjeprodukter florerer i bygde-Norge: hyttegrender, jaktterreng, opplevelsesparker, gardsbruks-turisme, rekreasjonstjenester, ekstensiv miljø-produksjon og kulturlandskap. Det er etter hvert mange om beinet.
  - I Frankrike er 20% av landbruksmaten produsert innen nisjer. I Norge dreier dette seg bare om et par prosent. Her er et mulig rom å bevege seg inn i.
- For bygdene som melder seg på i denne småskalaøkonomien: hvordan behersker bygdas bedrifter å skulle manøvrere i den virkeligheten?

## **I scenarisk lys - fire fortellinger**

Med basis i det helhetlige perspektivet og den faglige utredningen, og med støtte i en rekke samtaler og konsultasjoner vi har hatt underveis i prosjektet, har vi laget fire ganske ulike fortellinger om hvordan norske bygder kan utvikle seg frem mot år 2020:

**Motvind**

**Anti-Jante**

**Agro-Business**

**Forstadsbyen**

# Framtidsbygda



Kilde: Berrefjord & Thomassen AS



# MOTVINDBYGDA



Bygda ligger naturskjønt til. Den har sterke tradisjoner og den er vel vant med å ta et tak i møte med storsamfunnets utfordringer. Dugnadsånden har mang en gang ført bygda videre. Her er fortellingen om hvordan det gikk denne gangen.





## MOTVINDBYGDA

Namnet motvindbygda, eit dekknamn, er ikkje meint som eit lydmålande ord. Det er ikkje uttrykk for at det blæs mykje her. Snarare tvert om. Med motvind tenkjer vi på at bygda som samfunn opplever at trendane og så mange ting i tida synast å sette livsgrunnlaget for bygda, eit lite samfunn i periferien, under press. Det gjeld dei globale kreftene så vel som nasjonal politikk og økonomiske faktorar. Bygdas karakter som eit heilskapleg samfunn som famnar det meste av innbyggjarane sitt daglege liv, og som dei fleste hentar sin identitet frå, er truga av dette presset.

Motvindbygdene, om ein kunne kalle dei så, ligg mange stader. Ein finn mange av dei i vår nordlege landsdel, men dei fins og i Sør-Noreg. Dei ligg både ved kysten, langs med fjordar og i innlandet. Ein finn dei i opne landskap og på nakne øyar, så vel som blant skogkleddde åsar og i smale, fjellsette dalføre. Desse bygdene har det til felles at dei er relativt små og ligg kommunikasjonsmessig perifert til. Det er nett desse forhold som gjer at motvinden som for tida råkar det meste av bygde-Noreg opplevast spesielt sterk. Og som omvendt gjer at mange av desse bygdene opplever så lite medvind. Det synast vere få faktorar som kunne styrke deira eksistensgrunnlag.

## Bygda i 2005

### Den nære forhistoria: Frå ekspansjon til nedgang

Ola Fossgard, bygdepolitikar og lærar, var fødd i bygda først på 50-talet og vaks opp i takt med framvoksteren av den såkalla moderne velferdsstaten. Bygda utvikla seg i hans levetid med ein blømande båtindustri på 60-talet og ekspansive bønder som under 70-åras gullalder kjøpte seg nye traktorar og reiskapar og sette opp nye driftsbygningar. Tidleg på 80-talet fekk bygda ny flott grunnskule med symjebasseng. Han Ola kom tilbake til bygda som nyutdanna lærar den gongen. Han fekk jobb i grunnskulen første året det nye skulebygget vart teke i bruk.

Ola hadde som ung bestemt seg for at her ville han bu. Han vaks opp på det største gardsbruket i bygda. I 1987 sette han seg opp einebustad på den største tomte på byggefeltet som då nett var opparbeidd. Han følte seg nært knytt til natur og jordbruk og hadde tre sauer på bakrommet i garasjen. Dei fekk han for og beite til av broren som var eldst og nå dreiv garden. Til gjengjeld var Ola avløyssar og stilte elles opp for broren når det trengdes eit ekstra tak.

Han Ola brann for bygdas ve og vel. Nå bekymra han seg. Han hadde sett kor motgangkreftene sette inn. Skipsverftet for bygging av småbåtar og sjarkar

hadde bukka under i konkurransen. Ein hadde ikkje tilstrekkeleg kapital til å modernisere og effektivisere verftet. Folketalet var på veg ned. Det var langt færre barn og unge enn før. Kommuneøkonomien var skral. Det offentlege tenestetilbodet måtte effektiviserast, var bodskapen. Eit landbruk i tilbakegang ville, meinte han Ola, møte endå vanskelegare rammevilkår med ei ny WTO-avtale der dei norske småbøndene måtte konkurrere meir og mindre på like fot med storbønder i andre land. Globaliseringa sette også anna næringsliv under press, som oppdrettsbedrifta som gav flest arbeidsplassar. Han Ola prøvde alltid å vere optimist. Han stilte seg spørsmålet: Kunne bygda møte desse problema - utfordringar heitte det visst - på ein positiv måte?

### **Ein flott stad litt utanfor allfarveg**

Bygda ligg litt utanfor allfarveg. Reisetida til næraste tettstad, eit lite kommunesenter er 45 minutt på ein smal og krunglet veg. Det tek nær på to timar å reise med privatbil og ferje til småbyen som er regionsentrum. Effektiv reisetid vel og merke. Om ein bommar på ferjerutene tek det fort ein time ekstra.

For å komme til bygda frå kommunesenteret må ein ta vegen over fjellet og ned att på andre sida til sjøen der bygda ligg vakkert til i enden av ein fjordarm. Ho ligg i botnen av eit dalføre med halvhøge fjell og bekker som rislar nedetter fjellsidene. Dei samlar seg i elva som renn ut i sjøen. Elva er kjent for sitt gode laksefiske. Det er relativt varmt i sommarhalvåret. Saman med høvelege nedbørsmengder gir dette gode vekstvilkår både i hagane og på dei mange småbruka som fins her. Folk flest har sett si ære i å ha velhaldne hagar med frukt, fargerike buskar, hekkar og blomster. Gardsbruka med grasteigar og opne kulturbeiter er og haldne godt i hevd.

Bygda er elles blant folk kjent for å ha tiltrekt seg mange målarar opp gjennom tida. Også i dag kjem her mange meir og mindre kjente kunstmålarar hit for å la seg inspirere av det pittoreske landskapet og dei særeigne ljøs- og skuggeforholda tidleg på våren og seinhaustes.

### **Landskapet**

Småbruka ligg i teigar ned mot elva. Teigane har mange former. Somme er rektangulære, men dei fleste er irregulære og mangelkanta. Nær sagt alle er avgrensa mot naboeigedommane av meterhøge steingardar. Dei fleste gardsbruka har dyrka mark som skrånar ned mot dalbotnen. Dei strekk seg frå elva og oppetter fjellsida der det ligg kulturbeiter opp til ca. 100 meters høgd over havet. Deretter tek skogen til. Litt er barskog, men det meste er lauvskog. Innerst inne i dalen finst eit 600 dekar stort område, med flekkar av urskog, og som går heilt frå dalbotnen og opp til tregrensa i 4-500 meters høgd. I dette området fins og ein del sjeldne artar av mose og lav. Over denne skogen er det snaufjell. Denne fjelltoppen bak i dalføret dannar på sett og vis porten til eit fjellområde på mange kvadratkilometer innafor. Dette fjellområdet har Fylkesmannen føreslått å lage til nasjonalpark.

## **Ein vel utbygd infrastruktur**

Forutan spreidd busetnad knytt til småbruka, dei fleste med to hus, fins her eit byggefelt ein halv kilometer ovafor elveosen. Dette byggefeltet vart opparbeida sist på 70-talet då tidene var gode. Folk tente godt med pengar på gardane og fleire skaffa seg jobb på plattformer i Nordsjøen. Om lag halvparten av befolkninga i bygda bur her. Ved elveosen ligg og bygdesenteret med skule, butikk og samfunnshus. Ein kilometer ovafor sjøen er eit lite kapell sett opp rundt 1900. På andre sida av vegen overfor kapellet ligg bygdas fotballbane med eit ørlite klubbhus. Eit større settefiskanlegg for laks etablert sist på 80-talet, er plassert på andre sida av elveosen. Eit stykke ut på fjorden ligg tre matfiskanlegg. På denne sida av elva på eit 10 dekar stort industriområde, ligg det vidare nokre mindre handverkar- og industriverksemder. Tidlegare låg verftet her.

## **Folketalsnedgang, forgubbing og små barnekull**

Det er i dag om lag 300 menneske som bur i bygda. Folketalet har gått ned med vel 100 personar over dei siste 15 åra etter at verftet måtte legge inn årane. Bygda har relativt få unge, bare ca 60 er under 20 år. Til gjengjeld har bygda mange eldre menneske. Det er heile 60 menneske over 67 år i bygda. Det fins 90 personar i aldersgruppa 50-67 år. Dette er like mange som det til saman er av 20, 30 og 40-åringar. Det er noko fleire vaksne menn enn kvinner i bygda. Få jenter som vart vaksne på 90-talet eller seinare, vart verande. Det fans få nye arbeidsplassar for dei. Utbygginga av det kommunale velferdstilbodet hadde nådd sitt toppunkt sist på 80-talet.

Dei fleste har vakse opp her eller er gifte inn i familiar. Svært mange av dei som bur her stammar frå 4-5 slekter med namn etter gardsbruka. Nokre få er tilflyttarar med jobb på skulen eller i fiskeoppdrettet.

Om somrane er det fleire folk her. Dei bur i feriemånadar og helger i dei vel 50 hyttene som ligg i ei sørvendt skråning oppi lia midt i dalføret. Hyttefolket er viktig for oppretthalding av butikken. Dei er interesserte i sjøliv, men tek elles ikkje mykje del i bygdas indre liv. Dei fleste av hyttene er eigd av folk med opphav i bygda 1-3 generasjonar tilbake.

Den lokale barne- og ungdomsskulen har 35 elevar. Av desse går 14 i ungdomsskulen. Barnetalet er på veg nedover. Talet på fødsjar gjekk kraftig ned for ti år sidan. I småskulen frå 1. til 3. klasse fins no bare 7 elevar. Eit par gonger har det vore oppe i kommunestyret om skulen skulle leggest ned som fylgje av ein skrantande kommuneøkonomi, men så langt har bygda stått imot ved å mobilisere bygdepolitikarane på tvers av parti. Men dei har mista skulens bibliotek som og fungerte for dei vaksne. Nedgangen i barnetalet slår også ut på barnehagen som er dimensjonert for 20 barn, men der det i år bare vert utnytta 50 prosent av kapasiteten.

## **Bygdearbeidsplassar og pendling**

Av omlag 180 personar i yrkesaktiv alder er 140 i arbeid. Om lag 80 personar pendlar ut av bygda. Dei fleste av desse er dagpendlarar til kommunesenteret, og nokre, 20 personar, er langtidspendlarar til sentrale delar av regionen. Det fins 40 sjølvstendige næringsdrivande i bygda. Dei aller fleste er brukar - ektepar på dei 25 gardsbruka som er i drift. Mange av desse, med unntak av ektefellar på dei største gardane og 4-5 eldre ungarar, har og anna arbeid, dei fleste av mennene på heiltid, kvinnene på deltid. Utanfor primærnæringane fins om lag 30 arbeidsplassar i bygda. Skulen og barnehagen med 8 arbeidsplassar står for dei fleste av dei offentlege arbeidsplassane. Butikken har 5 tilsette, dei fleste på deltid. Fiskeoppdrettet med 10 arbeidsplassar er og viktig for bygda. Dei resterande er tilsett i andre verksemdar som mekanisk verkstad særleg retta mot primærnæringane, eit par handverkarfirma, samt ein maskinentreprenør.

## **Gardsbruka**

På dei største gardane driv brukarane med mjølkekyr. To gardar har meir enn 20 kyr og like mange ungdyr, mens tre andre har buskapar på om lag det halve. Desse gardane leigar jord frå andre. På dei aller fleste av dei andre gardsbruka vert det drive med sau. På eit par bruk har dei prøvd seg med utleige av kårbusstad til overnatting. Fem gardsbruk er ikkje lenger i drift. På to av dei bur bondehushald godt over pensjonsalder. Dei tre andre er fråflytta, nytta av slekta som fritidsbusstad, og med jord bortleigd til bønder som driv med mjølkeproduksjon.

## **Dugnadsånd og tradisjonskultur**

Bygda har ein svært aktiv fritids- og dugnadskultur. Her fins ei rekke forskjellige lag og organisasjonar. Idrettslaget står sentralt og engasjerer dei fleste barn og unge i grunnskulealder. Foreldre og andre vaksne fungerer i trenar og støttefunksjonar. Det vaksne fotballaget vart lagt ned for fem år sidan, grunna for lite aktive. Elles er her sanitetsforeining, misjonsforeining, kristen ungdomsforeining, skyttarlag, båtlag, mannskor og musikkorps, samt bygdelag. Bygda er kjent for å vere aktive i dugnadsverksemd. Samfunnshuset vart sett opp tidleg på 80-talet, bygd på dugnad av dei fleste lag og foreiningar i bygda. Prosjektet vart koordinert via bygdelaget.

Miljøet av barn og unge er ikkje større enn at dei fleste deltek på det meste, iallfall inntil dei har slutta på ungdomsskulen. Fotball, fredagstreff, og laurdagsarrangement i regi av den kristne ungdomsforeininga samlar dei fleste. Eit blanda korps av barn og vaksne fangar opp musikkinteresserte. Ungdommens engasjement og deltaking på ulike aktivitetar endrar seg når dei skal på vidaregåande. Alle må reise bort for å gå på skule. Det vil seie dei som har interesse for trefag og mekaniske fag har moglegheit til å reise med buss til kommunesenteret der det fins ein yrkesfagleg vidaregåande skule med tre klassar. Dei som vil gå på allmennfagleg skule eller anna yrkesretta utdanning må flytte på hybel i regionsenteret to-tre timars reisetid borte. Konsekvensen av at ungdommane reiser bort på utdanning, er at det miljø dei var ein del av vert splitta

opp. Ein del finn seg venner og deltek i utelivet i kommunesenteret. Dei som reiser bort på hybel, kjem gjerne heim i helgane, iallfall det første året, men etter kvart vert det bare nokre få som gjer det. Det aktive ungdomsmiljøet i aldersgruppa 18-25 år avgrensar seg til dei få som ikkje reiser heimanfrå, samt 3-4 utreiste ungdommar som er heime i helgane, og som engasjerer seg som leiarar i lagsverksemd.

Bygdekulturen er relativt homogen, inntil i dag. Praktiske ferdigheitar og handverk er verdsett høgt. Dugnadsanda er viktig, sjølv om ein del - særleg blant dei på byggefeltet, trekker seg litt unna. Nye praktiske idear og måtar å gjere ting på gir grunnlag for samtale i bygda. Mange synes dette er greitt, gjerne også spennande - så lenge ein ikkje avvik for mykje frå det "normale". Slik er det for så vidt i landbruksnæringa og. Bøndene er ikkje spesielt nyskapande, men dei er fagleg dyktige og fylgjer med i tida og tilpassar seg dei krav som myndigheitene og andre stiller - så godt dei kan. To gründerar fins, maskinentreprenøren og eigar av eit tømrarfirma, Dei har gjort det godt og slått seg opp på anleggs- og byggeprosjekt i regionen. Men desse opererer noko annleis enn det er tradisjon for i bygda.

Det kanskje mest karakteristiske trekk for motvindsbygda er ein sterk patriotisme og identitet knytt til bygda, landskapet, arbeid, familie- og samværstradisjonane. Dei fleste vaksne med slektsmessig tilknytning til bygda kunne aldri tenke seg å bu andre stader. Men ungdomsflokken er delt. Ein del av dei unge seier at dei gjerne vil busette seg her - om dei kunne finne seg arbeid? Andre er heilt sikre på at dei må vekk om dei skal få det ut av livet som dei ynskjer.

## **Utviklingsprosessen fram til 2013**

### **Trugande teikn i tida**

Det var mange ting i tida som av bygdefolket vart oppfatta som trugande når dei såg framover. Kanskje først og fremst knytt til spørsmålet om arbeid. Den nye WTO-avtala ville endre rammevilkåra for landbruket radikalt. Det var vidare uvisst om oppdrettsverksemda ville overleve. Forhandlingar med EU drog i langdrag og dei norske oppdrettskonserna freista å overleve ved å auke biomassen i sjøen, noko som reduserte prisane og innteninga ytterlegare. Kommuneøkonomien vart stramma til og spørsmål om kommunesamanslåing i ein storkommune hadde vorte aktualisert. Kva då med arbeidsplassane i kommunesenteret? Ungdommen reiste bort, også dei som budde på gardane, og dei fleste var usikre på om det fans ein veg tilbake. Bygdas folk stod på val om korleis dei skulle halde seg til alt dette. Han Ola førte an blant eldsjelene i bygdelaget som freista å legge seg på ei positiv linje.

## **Heroisk optimisme**

Bodskapen blant bygdeforkjemparane var klar: Bygda skulle overleve ved trivselsfaktoren, gjennom at det her var godt å leve. Gjennom felles tiltak i lokalmiljøet skulle ho verte så attraktiv at folk både vart buande og kanskje og nye ville komme til. Det var iallfall det ein håpa på.

Heroisk optimisme er to ord som i kortform beskriv haldningane til bygde-folket i måten dei tenkte og handla på desse første 7-8 åra. Optimismen låg til dels innbakt i dei lokale samfunnsstrukturane. Folk hadde alltid greidd seg på eit vis. Ein var van med å brette opp skjortearmane, og tilnærmingmåten overfor problem var den praktiske snarare enn den filosofiske. Og dessutan var staden dei budde så bra, og dei tileigna seg ei sterk, nærast religiøs overtyding om at bygda ville overleve som eit bærekraftig samfunn. Det heroiske i den optimistiske livshaldninga låg i at motkreftene, om ein kunne kalla dei så: faktorane som truga livsgrunnlaget for bygda, var reelle og sterke. Og dessutan følte nok mange, sjølv om dei ikkje så ofte snakka om det, at det ikkje var så enkelt når alt kom til alt. Ein var usikre på kva framtida ville gi, men – ein klamra seg til at ein skulle komme seg gjennom ved hjelp av eigne krefter og dei tradisjonar bygdesamfunnet var tufta på. La oss sjå korleis denne heroiske optimismen gav seg uttrykk i desse åra.

## **Bygdemobilisering**

Våren 2007 vart det avhalde eit møte på samfunnshuset med to tredjedelar av bygdas vaksne befolkning til stades. Ola Fossgard innleia til dagens tema: Korleis skal vi halde på ungdommen? Etter tre timars diskusjon kom ein fram til at det måtte gjerast noko på fleire område. Ungdommen måtte blant anna ha bustad. Bustadfeltet var utbygd, nye tomter fans ikkje, og få unge vaksne var tilfreds med å bu på gutte- eller jenterommet, eller i kjellarleilegheit hos far og mor. Eit prosjekt med vertikalt delte leilegheiter kom på teiknebrettet. Ting skjedde raskt. Åtte små leilegheiter fordelt på to bygg vart sett opp, finansiert av Husbanken og med dels kommunal, dels privat byggelånsgaranti.

For det andre, dei yngre, særleg gruppa frå 18-28 måtte ha aktivitetar som knytte dei til staden på fritida. Dette var vanskelegare. Ein enda opp med å etablere ei ungdomsgruppe som skulle jobbe med saka. Desse kom opp med forslag om storskjerm og lokal kino og andre tilstellingar bare for unge på samfunnshuset. Etter å ha kjøpt inn utstyr og materiell og kjørt vekselvis kino og diskotek ein gong i veka eit års tid, vart denne aktiviteten tona ned. Dei yngste blant barn og unge var nok interessert, men den eldre ungdommen ville helst samlast privat, eller dra til andre stader: kommunesenteret eller helst til regionsenteret. Tilbodet av kino, konsert, diskotek med vidare var betre og miljøet større der.

Det tredje som også vart diskutert på møtet, var spørsmålet om arbeid, men det meinte dei fleste var ei sak for private og det offentlege. Slik hadde det nå alltid vore. Det var ikkje noko bygdesamfunnet i fellesskap skulle eller kunne gjere noko med.

Eit tema kom opp utanfor dagsorden. Det gjaldt dei eldre. Mange av dei frammøtte såg at talet på eldre ville auke mykje framover. Spørsmålet om eldrebustader vart og reist. Mange av dei over 65 såg mørkt på å måtte flytte til eldrebustader i kommunesenteret. Forslag om eldrebustader vart difor og lansert og følgt opp. Etter litt kjemping overfor kommunale og sentrale myndigheiter, fekk ein opp fem eldrebustader der einslege og familiar kunne stelle seg sjølve, om naudsynt under dagleg tilsyn av kommunale heimesjukepleiarar.

Kva skjedde så med ungdommar og unge familiar? Før vi går inn på det, må vi sjå nærare på korleis næringsliv og arbeidsplassar utvikla seg i denne perioden. Til sjuande og sist skulle arbeidsplassutviklinga påverke og utløyse mykje av det andre som skjedde.

### **Ny WTO-avtale**

Som dei fleste hadde venta, endra dei økonomiske vilkåra for å drive landbruk seg mykje då WTO-avtala vart ratifisert. Det vart fortsett mogleg å drive mjølkeproduksjon både på grunn av naturleg skjerming (fersk mjølk) og framforhandla skjermingsvilkår for denne driftsgreina. Norske myndigheiter fekk eit betydeleg handlingsrom med omsyn til ikkje produksjonsrelatert støtte. Eit politisk fleirtal prioriterte å nytte denne handlefridomen til å sikre det ein hevda var eit akseptabelt volum på norsk landbruksproduksjon. Matvareforsyning og omsynet til næringsmiddel-industrien talde sterkt. Bruka måtte verte større. Det aller meste av landbruksstøtten måtte gå til dei relativt store bruka for å sikre at desse kunne greie ei akseptabel inntekt til trass for betydelege reduksjonar i prisar til produsent.

### **Landbruk i radikal endring**

For bøndene i bygda skapte dette stor dramatik. Dei fem mjølkebruka vart redusert til to samdrifter med kvotar på vel 150.000 kg. Også sauebruka måtte bli større. Kjøtprisane gjekk mykje ned til trass for at myndigheitene hadde fått framforhandla ei viss skjerming mot at billeg lammekjøtt frå New Zealand skulle sluke heile den norske marknaden. I tillegg kom det at regionalt lammekjøtt som ferskvare fekk eit tydelegare nisjepreg. Prisreduksjonane gav eit dekningsbidrag nær null ved drifts-former på "gamlemåten". Samarbeid og større einingar måtte til. Fleire sauebønder kutta då ut fordi dei såg på samdriftsforma som altfor krevjande, samstundes som den forventede økonomiske gevinsten var for liten. Andre av sauebruka stod overfor eit generasjonsskifte. Eldre brukarar hadde ikkje mot på dei nye utfordringane og for dei fleste som skulle ta over, var alternativet: arbeid og meir lettente pengar annanstads, meir forlokkande. Enden på visa vart at bare to av dei yngste og største sauebøndene ved forpakting av jorda på to-tre nabogardar valde å halde fram. Den eine la om drifta til uteforing av grasballar heile året med unntak av tida før og etter lammingsstart. Då vart dyra sett inn i ein stor opp- og nedmonterbar plastikkhall. Slik greidde han å halde nede kapitalkostnadane og sikre ei nokolunde inntekt. Den andre hadde dyra i to fjøs. Driftsbygninga på nabogarden vart og teken i bruk.

Rett skal vere rett. Før det skjedde at dei fleste slutta med sau, var det eit mellomspel: Dei lokale medlemmene av sau- og geitealslaget tok eit felles initiativ overfor landbruksmyndigheitene med sikte på å få miljøstøtte slik at den enkelte kunne ha 20-30 sauer for vedlikehald av kulturlandskapet. Målet var å ikkje tape pengar på dette. Det vart nei. Myndigheitene meinte ein måtte prioritere bruk som hadde framtida for seg.

### **Landbrukseigedommar ute av drift, men ikkje for sal**

Kva skjedde med bøndene som slutta å drive? Dei fåtals bøndene som held fram i næringa melde si interesse for å kjøpe opp jord. Bruka var hamna under dei nye grensene for konsesjonsplikt og det var marknadsprisen som avgjorde kva eit bruk eventuelt skulle seljast for. Prisen som eit bruk vart lagt ut for sal til, var ikkje økonomisk løysande for han som ønska å kjøpe og nytte det til landbruksproduksjon. På den annan side var det heller ikkje nemnande etterspurnad etter småbruk til fritidsbruk heller. Mange eigarar valde å verte sittande med bruket, i påvente av at marknaden skulle ta seg opp.

Fleire av dei eldre som vart buande hadde, så lenge helsa haldt, fem-ti sauer for å halde nede graset nærast husa. Dei tapte pengar på den drifta, men det betydde ikkje så mykje. Etter kvart gjekk fleire og fleire bruk over til å bli fritidsbustad. Den dyrka marka vart leigejord, det vil seie det gjaldt for dei teigane som det var interesse for blant dei bøndene som enno dreiv.

Det melde seg utanbygds kjøparar som ønskte å skaffe og slå seg ned på eit småbruk som ledd i endra levemåte. Dette var tre hollandske familiar som ville kjøpe småbruk og slå seg ned. Dei var medlemmer av eit ideologibasert fellesskap der sameige, økologisk basert drift, sjølvhushald, og ein type bufellesskap var blant verdiane dei gjekk ut frå. Desse vart sett på med ein viss skepsis i delar av bygdemiljøet, sjølv om fleirtalet i bygdelagets styre stilte seg positivt. Prosjektet skulle likevel ikkje verte noko av. Dei aktuelle gardane hadde vorte overtatt av slekt som ikkje lenger budde der. Dei nytta våningshusa som feriebustad, og ulike delar av slekta kunne ikkje semjast om å selje bruket ut av familien.

### **Arbeidsplassar forsvinn**

Eit stort slag for bygda kom då oppdrettsverksemda måtte kutte ut om lag på same tid som den nye WTO-avtala trådde i kraft. Som ledd i ei nasjonal konsolidering av bransjen vart bedrifta kjøpt opp av eit anna konsern. Deretter vart sjø- og landanlegg lagt ned til fordel for anlegg i meir sentrale strok.

Ikkje nok med det. Også dei offentlege arbeidsplassane kom under press. Elevtalet i skulen gjekk gradvis nedover. Etter at bygda fleire gonger "vann" dei årvisse budsjettdebattane om nedlegging av skulen, måtte ein til sist gi tapt. Det skjedde då kommunen gjekk inn i ein storkommune. Den viktigaste kampen vart då å oppretthalde eit best mogleg skuletilbod i det tidlegare kommunesentrum.



Bygdeskulen vart lagt ned og barnehagen gjekk i kjølvatnet. Ikkje alle arbeidsplassane i skulen gjekk tapt. Lærarar i fast stilling fekk tilbod om jobb på skulen i kommunesenteret. I staden for arbeidsplassar i offentleg barnehage, kom det ein mindre privat driven barnehage i dei same lokala.

Alle desse endringane i næringsliv og arbeidsplassar fekk og konsekvensar for anna næringsliv. Småverksemder mista oppdrag. Butikken fekk mindre omsetning. Nokre av bedriftene greidde å overleve ved å satse på nye marknader og ved å flytte ut av bygda til meir sentrale lokalitetar. Nokre enkeltpersonar som mista jobben i samband med dei næringsmessige endringane tok opp deltidsjobbar med base i heimen som frisør, telefonseljarar, med meir.

### **Nye initiativ som lite lukkast**

Det skjedde og ting på næringsvida som gav nokre, men som kunne ha gitt langt fleire nye arbeidsplassar. Det handla dels om hytter, dels om opplevingsturisme. Han som dreiv tømrarfirma søkte om å kjøpe opp to av dei minste bruka som måtte legge ned. Planen var å bygge ut to hyttefelt. Etter mykje om og men sett i forhold til regionale landbruksmyndighetar, som ikkje ville at jordbruksareal skulle nyttast til anna enn jordbruk, fekk han lov å bygge ut kulturbeitedelen av bruka. Den dyrka marka vart tilleggsjord til eit anna bruk. Talet på hytter vart ikkje meir enn halvparten av det som var planlagt. Han kunne likevel utvide arbeidsstokken og tok inn ein to-tre ungdommar som lærlingar og seinare fast tilsette på hytteprosjekt rundt om i heile regionen.

Ei utanbygds forretningskvinne med røter i bygda, fekk tilslag på leie av bygg og infrastruktur (leidningar og pumper) i det nedlagde oppdretts-anlegget. Planen var å etablere eit "lakselott" der overnatting og servering vart kombinert med laksefiske i elva i sesongen og av oppdrettslaks i kummar utanom sesongen. Prosjektet stranda på at ho bare fekk lov på leie av fiskerettar av dei bøndene som framleis dreiv bruket. Dei andre som ikkje lenger budde der ville ha retten for seg sjølve og familien. I staden vart det området der oppdrettsanlegg og verksemder hadde lege, på dugnadsinnsats og i regi av bygdelaget, utvikla til småbåthamn.

Det store prosjektet som gjekk galt, men som kunne ha gitt inntil 20 heil- og deltidsarbeidsplassar, mange for kvinner, handla om kulturbasert næringsutvikling. Eit større utanlandsk firma som dreiv med slikt, hadde høyrte gjete om stadens historiske betydning for målarar. Den tidlegare omtala forretningskvinna hadde etablert kontakten og ønskte å engasjere seg. Ein ville sette opp eit kunstsenter med eit par verdifulle impresjonistmåleri som trekkplaster og elles rom for mobile utstillingar. Det skulle og vere tilbod om kurs og servering for folk som ville skaffe seg kunnskap om målarkunsten. Dessutan ville ein sette opp to bygg med tretti senger kvar for overnatting. Senteret skulle ligge i enden av dalen rett ved grensa til urskogområdet. Det var ikkje minst det området som historisk sett hadde vore attraktivt for kunstnarar.

Prosjektet skulle ikkje verte realisert, til trass for at det utanlandske selskapet viste stor interesse. Det vart usemje mellom bygdas folk. Området der senteret etter planen skulle ligge, hadde i uminnelege tider vore fellesbeite. Bønder som ennå dreiv ville framleis ha det til beiteområde. Dei allierte seg med ein del eldre folk som meinte at ting burde vere som dei hadde vore. Tre ungdommar som hadde reist ut for å ta utdanning engasjerte seg og. Dei argumenterte med at anlegget ville øydelegge for landskap og miljø. Dei fleste på byggefeltet, inklusive han Ola, ville ha prosjektet og dei henta støtte i kommuneadministrasjonen. Arbeidsplassar var deira hovudargument. I kommunen ville dei ekspropriere og gi to millionar av næringsfondet for å utbetra vegen inn til området. Prosjektet stansa likevel etter at saka av motstandarane vart anka inn for Miljøverndepartementet som sa definitivt nei. Senteret ville virka skjemma på urskogområdet. Det ville øydelegge for den påtenkte nasjonalparken, var grunngevinga der.

### **Ungdommen dreg bort**

Samstundes som alle desse hendingane på næringsområdet gjekk føre seg i tida fram mot 2013, gjorde den einskilde sine val med konsekvensar for livsløp og livsstil. Ungdommar flytta straks inn i leilegheitene som var bygt for dei. Men gjennomtrekken viste seg snart å verte relativt stor. Mange reiste av garde eit halvt års tid for å sjå verda. Andre reiste for å utdanne seg vidare. Ikkje alle vende tilbake. Nokre ungdommar måtte flytte ut, ikkje fordi dei ønska det, men for å finne seg arbeid. På byggefeltet og på dei mindre gardsbruka var det fleire som måtte finne seg nytt arbeid. Dei fleste av dei eldre som hadde budd i bygda lenge ville ikkje flytte. Somme baserte seg på vekependling til sentrum av regionen dersom dei då ikkje var blant dei heldige som fekk jobb i det tidlegare kommunesenteret. Ein god del måtte over på trygd. Folketalet hadde gått ned til 250 i 2013. Talet på personar i pensjonistalder hadde auka, mens alle dei andre aldersgruppene minka i storleik.

### **Mindre organisert fritidsaktivitet**

Den frivillige aktiviteten i regi av lag og organisasjonar vart gradvis redusert i omfang. Særleg gjaldt det aktivitetar for barn og unge. Barnetalet gjorde det bare mogleg å oppretthalde eit blanda fotballag i aldersbestemte klassar. Ballbingen sett opp av bygdelaget var mykje nytta av barn i dei minste aldersgruppene. Korpset vart nedlagt grunna for få aktive.

Rutinen vart etter kvart at dei som hadde ungar skifta om å kjøre ungane til kommunesenteret der tilbodet og miljøet var breiare. Når det gjaldt dei vaksne, både unge og eldre, vart aktiviteten i mange organisasjonar og lag oppretthalden, men med mindre aktivitet. Det vart færre arrangement, og færre folk deltok på det som var. Så mykje nytt med omsyn til type aktivitet fann ein heller ikkje på. Det vart gjerne til at folk oftare tok turen inn til kommunesenteret for å gå på kafé, kino eller kultur-arrangement der. Her handla dei og det meste. Om somrane tok aktiviteten seg derimot opp. Fleire hyttefolk og fleire som hadde gjort om hus til sommarbustader, gjorde sitt til det.

Dei fysiske endringane bar i første omgang preg av fleire forhold. For det første av at jordbruket endra karakter med færre yrkesutøvarar. For det andre at arbeidsplassar forsvann. For det tredje av at talet på hytter vart fleire. Dei langsiktige verknadane av dette igjen skulle fullt ut materialisere seg på litt lenger sikt.

## **Situasjonsbilete 2020**

Ola Fossgard gjekk av med tidlegpensjon i ein alder av 65 år, to år etter at bygdeskulen vart nedlagt. Helse var endå ganske god, men det mentale overskotet var ikkje slik at han greidde å halde ut på ein ny skule til han var 67 år. Ting hadde utvikla seg annleis enn dei hadde tenkt og i det minste håpa.

### **Landskapsmosaikk erstattar kulturlandskap**

Mykje hadde endra seg i bygda sidan utgangspunktet 15 år tidlegare. Det som først slo ein var at landskapet hadde endra seg. Det var meir fragmentert no. Landskapet var som eit lappeteppe, som ein mosaikk der tidlegare store, heilskaplege teigar av dyrka jord og kulturbeite var opphakka av større og mindre flak av kratt, uslått gras og ugrastyngde beiter. Somme gardar og teigar var haldne godt i hevd. På dei mindre tilgjengelege teigane stod det tørre graset stritt og stivt. Somme stader truga or og einer med å overta nedanfor lia der det før hadde vore kulturbeite. Ein del steingardar var fjerna for at store marker skulle verte større. Langs med dei steingardane som framleis fanst, lyste kvite og grønne grasballar opp.

Inne i enden av dalen med urskogen og dei målariske omgivingane var det meste som før. Det vil seie fellesbeitet var tatt ut av bruk. Det hadde vokse fram mykje kratt der. Dessutan hadde ospa fått tak og truga med å fjerne opne grønne flekkar. Det kom ikkje lenger så mange målararar dit for å måle....

### **Minimalistisk landbruk**

Det var bare to gardsbruk igjen i bygda. Den eine mjølkeprodusenten hadde kasta inn handkleet og seld kvoten sin til den andre bonden som nå hadde kvote på 270.000 kg. Plass til 200 dyr, mjølke- og ammekyr og ungdyr, hadde han skaffa seg ved å sette opp eit digert kaldfjøs i glasfiber. Det var bare ein sauebonde igjen. Det var han med plasthallen. Han overlevde på interessa og viljen, til trass for avtakande lønsemd. Han tok eitt og eitt år om gongen som han sa. Den andre sauebonden ga opp då kravet om brannvarslingsanlegg kom også for buskapar med sau. Det vart for dyrt å sette anlegg i to forskjellige fjøs når dette kom i tillegg til reduserte marginar generelt sett.

### **Sommarbygda**

På gardane stod dei fleste hus tome, unntatt om somrane. Driftsbygningar sett opp på det "gylne" 70-tal forfall raskare når dei ikkje lenger var i bruk. På

byggefeltet var tredjeparten av husa tomme. Dei som hadde budd i husa var avlidne eller hadde flytta ut. Marknaden for dei som ynskte å selje var dårleg, så dårleg at dei fleste valde å sitte med eigedommane. Hagane der folk ikkje budde året rundt, vart meir enkle og mindre fargerike, meir buskar og tre og mindre blomar og hekkar.

Om somrane var det som om bygda vakna opp til nytt liv. Det begynte i påska. Ljos vart tend i hytter og tome våningshus. Frå midten av juni til midten av august var her fullt liv. Aktivitet på fotballbana frå morgon til kveld. Mykje sjøliv. Om somrane opna samvirkelaget i det tidlegare kommunesenteret den nedlagde butikken for å selje kolonialvarer til feriefolket. Toppen vart nådd under den årlege fiske- og historiefestivalen i slutten av fellesferien. Mange som hadde vakse opp i bygda, men som hadde flytta ut, kom då tilbake for å gjenoppleve noko av barndommens natur og livsglede.

### **Pendlarbygda**

Det fans nå bare 10 arbeidsplassar lokalisert til bygda. Forutan dei to gardsbruka var det få arbeidsplassar å finna. Eit unntak var omsorgssektoren som gav arbeid til fleire. Leilegheitene for ungdom hadde etter kvart vorte omgjort til leilegheiter for eldre. Det var mange eldre som trong at nokon såg innom dei og gav ei hand. Fleire kvinner hadde såleis deltidsjobb i heimesjukepleien både her og i det tidlegare kommunesenteret. Dei fleste, 50 av 60 yrkesaktive, måtte pendle. Halvparten pendla til det tidlegare kommunesenteret. Halvparten reiste endå lenger, inntil 1,5 time kvar veg og kvar einaste dag.

### **Ei døyande bygd - eller nytt håp?**

Alt i alt budde det no 150 personar i bygda. Hovudtyngda var over 50 år. Det var bare fem familiar med ungar i grunnskulealder. Dei barna som var hadde store moglegheiter for å utfalde seg i lokala til den tidlegare skulen og på grasbana. Men ungane skulle ikkje verte så svært gamle før dei forlanga å verte kjørde inn til kommunesenteret for å delta i idrettslaget der eller annan aktivitet.

Barne- og ungdomsskolen ligg ved riksvegen like aust for sentrum. Der er til saman 150 elevar på skulen. Barnehagen ligg like ved skulen, ein gymnastikksal knyt desse bygningane saman og dei nyttar det same uteområdet. Fotballbanen bak skulen er reist på dugnad. Bygdafolk har i fleire år kjempa for å få kommunen til å byggja eit idrettsbygg med symjehall og hall for ballspel og tribune. No reiser elevar i ungdomsskolen til kommunesenteret for symjeopplæring.

## **Sentrum**

Sentrum er ikkje så stort. Det er butikken med ein liten kafékrok der ein får kjøpe lefse, svele og påsmurte rundstykke. I ei stor lagerbygning bak butikken har Felleskjøpet si avdeling. Der kan gardbrukarane få lasta sekkar med kunstgjødsel og dunkar med maursyra rett på traktortilhengarane.

Ved sida av butikken ligg ein bygning med fleire småbutikkar i. Her er det mellom anna ein butikk som sel bygdeprodukt; både lokal mat og husflid (strikk), ein butikk med keramikk, lys og bilete (det er og ei lita avdeling med utstilling av maleri). Ein annan butikk sel barneklede. I dei gamle lokala til posten er det rekneskapskontor i den eine delen og frisørsalong med solstudio i den andre delen. Sommar og haust plar nokre av gardbrukarane å stå på parkeringsplassen og selje grønsaker.

Like bak butikken ligg eldresenteret med til saman 10 mindre bustader knytt til dette.

Butikken har ope kvar dag til klokka sju. Dermed rekk pendlarane å gjere innkjøp her. På laurdag er det ope til klokka tre. Mange vel likevel å gjere storinnkjøp i byen ein gong i veka. Enten torsdag eller laurdag. Dei nyttar butikken mest for det dei må ha kvar dag.

## **Kaien**

På kaien er det ein liten landhandel som sel fiskeutstyr og kioskvarer om sommaren. Der kan sommargjester leige båt til fjordfiske. Det står ei gamal dieselpumpe her og like ved den ligg ein liten slipp som før vart nytta til vedlikehald av fiskebåtane. No kan båtfolk leige plass på slippet for vårpuss og plass bak kaien for vinterlagring. Der er og ei stor flytebrygge her som på starten

av 1990-talet vart bygd på dugnad. Det er ingen som driv med vedlikehald eller reoperasjon av båtar for andre.

Ved sida av slippen er det eit stort gamalt ishus frå før 1900-talet. Isen som ein hogde på vatna om vinteren vart lagra der før den vart selt til fiskebruk langs kysten. Den gamle trekaien står framleis, men lagerbygningen var i så dårleg stand at den vart riven for fleire år sidan. Det står 4 utleigehytter på ei lita grasslette bortafor den gamle trekaien.

Tett i tett langs den smale vegen ved kaien ligg små gamle toetasjars bustadhus. I fleire av dei har det vore drive butikkutsal i fyste høgde.

### **Industriområde og bensinstasjon**

Ein kilometer sør for sentrum er det ein bensinstasjon som har ope frå tidleg om morgonen til midnatt. I tilknytning til bensinstasjon er det ein firkanta bygning som husar gatekjøkken med seks bord. Det er og bord på utsida. På den andre sida av vegen ligg industriområdet. Her er det ein trelastforretning som i tillegg til å levere materiale også prosjekterer bustadhus, fjøs og hytter. Den lokale anleggsverksemda har garasje for gravemaskinar, lastebilar og anna utstyr. Dei har mellom anna oppdrag knytt til opparbeiding av bustadfelt, grøfing hos gardbrukarane, vedlikehald av kommunale vegar og skogsbilvegar. I tillegg er det ei VVS verksemd som både sel utstyr og installerar dette. Industriområdet ligg i eit gammalt steinbrot og det er ledig areal. Sjølv om det er planta granskog rundt industriområde ligg det som eit sår i landskapet.

### **Bustadfelt og hytter**

Utanom gardsbruka er det ei klynge med bustadhus frå 70-talet ved butikken, dei gamle pittoreske husa ved kaien, samt nokre einskildbustader langs riksvegen. I tillegg er det to bustadfelt i bygda. Eit som ligg vest for vika i skråninga utover mot fjorden, og eit som ligg oppe på eit platå nord for sentrum. Det er etterspurnad etter bustadtomter særleg langs fjorden på vestsida av vika men og etter lettstelte leiligheiter.

Det ligg mange hytter rundt bygda. De ligg som einskildhytter på bygsla tomter. Dei fleste hytteeigarane har ei tilknytning til garden hytta ligg på. Dei seinare åra har det kome mange førespurnader til kommunen både om å leggje ut hyttefelt og om å byggje einskildhytter nær sjøen.

### **Gardsdrifta**

Den beste jorda ligg midt i bygda mellom vika og riksvegen og i det flate området aust for vika. Vest for vika og nord for riksvegen er terrenget meir kupert, teigane mindre og meir tungdrivne.

Det er til saman mest 30 gardar i bygda. Men berre halvparten vert drivne av dei som bur på gardane. Dei som ikkje driv gardsbruka sjølve, leiger bort jorda. Fleire av dei som driv, er yngre ungarar. Foreldra deira bur og på garden. Både den unge gardbrukargenerasjonen og dei eldre er usikre på framtida for

landbruksdrift i bygda. Det er ikkje det same pågangsmotet og investeringsviljen som var rådande før.

Dei fleste gardbrukarane driv med grasproduksjon og mjølkekyr, medan nokre har satsa på kombinasjon av grønsaker og sau. Fleire av gardbrukarane sel grønsakene sine på marknaden i byen.

Eit ungt gardbrukarpar som kjem utanbygds frå, leiger ein gard i skråninga vest for vika. Dei har satsa økologisk og driv med verpehøns og nokre frittgåande grisar, samt grønsaker. I tillegg høgg dei bjørkeved. Dei sel egg og grønsaker direkte frå garden.

Granskogen som vart planta på 1950-talet oppetter fjell- og dalsidene, vert ikkje hogd for sal, men mange gardbrukarar høgg og sagar tømmer for bruk som bygningsmateriale på garden.

Tre av dei aktive gardbrukarane nærmar seg dei 60, men ingen av deira eigne barn har sagt seg interesserte i å ta over. Det er ei avløyssarordning i bygda og fleire av ungdomane busett på gardsbruka, deltek i denne ordninga.

### **Arbeidsplassar i og utafør bygda**

Dei kommunale arbeidsplassane er knytt til barnehagen, barne og ungdomsskulen, eldresenteret med både heimesjukepleie og heimhjelparar og ei vaktmeister-teneste som tek seg av vedlikehald av dei kommunale bygga, kyrkjegarden og anna førefallande arbeid.

Det er private arbeidsplassar på verksemdene i industriområdet og i sentrum, samt nokre arbeidsplassar knytt til eit oppdrettsanlegg som ligg på austsida av vika. Eigarane av oppdrettsanlegg har ymta frampå om å utvide produksjonen og å nytta ishuset på kaien til pakking og foredling.

Over halvparten av dei knapt fem hundre arbeidstakarane i bygda pendlar til arbeid i byen eller i kommunesenteret. Det er flest kvinner som pendlar. Dei arbeider hovudsakeleg innan offentleg og privat tenesteyting og i administrative stillingar. Det er mange handtverkarar i bygda, både snekkarar, elektrikarar, rørleggjarar, malarar og murarar, men med unntak av rørleggjarane er alle tilsette i verksemdar i byen. Desse arbeider ulike stader i regionen, men fleire av dei skaffar oppdrag i bygda, og då slepp dei å pendla.

### **Kulturaktivitetar i bygda**

For dei minste barna i bygda er det tilbod frå misjonsforeninga om å vere med i "bamse"klubben ein gong i veka og søndagsskolen. Frå skulealder av er det speidar, fotball (ballbinge i skulegarden), turorientering og korps. Nesten alle elevane på barneskulen er med på fleire av aktivitetane, men på slutten av ungdomsskulen er det fleire som ikkje gidd lenger.

Dei ivrigaste av ungdomane held fram som leiarar og instruktørar i speidaren og fotballen, men dei fleste er ikkje med på noko organisert i bygda. Nokre av dei

drar inn til byen. Det har vore nokre treffkveldar for ungdom i helgene i bygda med både diskotek og lan-treff i det gamle samfunnshuset som no vert lite nytta. Det er slutt på bygdafestene. Det blei for mykje arbeid på dei få som organiserte dette og no er det fleire år sidan det var noko slikt initiativ. Fleire av ungdomane syns det var mykje kulare å reise til byen og treffe nye folk der enn å vere med dei gamle kjente i bygda. Nokre av dei mellom 16 og 18 år har moped og plar å henge utafor gatekjøkkenet bort ved industriområdet.

Mange av dei vaksne med barn i skulealder møtest anten i skulesamanheng, på foreldremøte, på arrangement i regi av idrettslaget, korpset eller speidarane. Ungkarar og nokre av dei litt eldre ungdomane som framleis bur heime, møtest heime hos kvarandre eller reiser saman til byen ein eller fleire kveldar i veka.

Pensjonistforeninga arrangerer to bussturar sommar og haust og bingo kvar tysdag kveld i lokala til eldresenteret..

### **Sommarbygda**

Om sommaren er det meir liv i bygda enn om vinteren. Mange byfolk har hytte langs fjorden og på vestsida av vika. Andre har fått overteke eit hus på slektsgarden eller fått byggje hytte i tilknytning til garden og bur der i sommarmånadene. Det er eit yrande liv med småbåtar som freser rundt som bier i vika, samstundes som bøndene vekselvis køyrer fôrhaustaren, lagar kvite ballar og spreiar gjødsel. Det er folk i alle husa, i nausta, i campinghyttene og i helgene er det og mange som ligg i båtane sine. Landhandelen på kaien har heile omsetnaden sin i løpet av dei tre sommarmånadene. Fleire har ymta frampå om ikkje nokon kan starta ei kro nede ved kaien. Her er det hyttefolk og båtfolk som dominerar, mens ein på butikken kan møte bønder i kjeldress, eldre som sit på benken utanfor, småbarnsmødre med barnevogn og utflytta byfolk som er på hytta. Framleis er det slik at betjeninga på butikken veit kven dei fleste er.

### **Bygda-arrangementer**

17 mai er ein dag då heile bygda møtest og fylgjer barnetoget. Det går ein runde frå skulen, via sentrum og ned til kaien og opp igjen. Det er arrangement i skulegarden for vaksne og barn. Det er tradisjon med felles middag (lapskaus) på langbord i skulegarden.

Marknadsdagane fredag og laurdag like etter sankthans er eit av arrangementa bygda er kjent for. Då er skuleplassen full av boder der både lokale folk og folk utanfrå sel varer. Alle laga i bygda er med på arrangementet. Misjonsforeninga har basar inne på skulen, korpset spelar fleire gonger og har ansvar for å selje is pølser og brus, og speidarane har laga til leikar for barna. Midt på plassen er det sett opp ein stor lavo der ungane kan steike pinnebrød. På fotballbanen er det tivoli. Laurdagen er det og fiskefestival i regi av småbåtforeninga. Kåringa av vinnarane skjer på den påfølgande bryggedansen. Då møtest alle i bygda. Hyttefolk og mange av dei som har flytta frå bygda deltek. Arrangementet gjev overskot

som har vorte fordelt mellom organisasjonane. Dei siste åra har småbåtforeninga teke heile overskotet frå bryggedansen.

## **Kva skjer dei næraste 8 - 10 åra?**

I 2005 såg me ei solid, stabil og sjølvstendig bygd med veldrivne gardar, private og offentlege verksemdar, tradisjonar, felles bygdearrangement og etablerte møtestader. Mange bygdefolk "lente" seg rett nok på arbeidsplassar i byen, men det var i bygda dei daglege sosiale relasjonane fanst, og det var i bygda folk flest fann innhaldet i livet.

Samstundes var det fleire kimar til endring i bygda. I den yngre generasjonen var det var ikkje like stor vilje til å satse på gardsdrifta, men det var etterspurnad etter areal både til bustader og hytter. Nokre av dei etablerte kunne tenkje seg ei enklare buform enn einebustaden.

Ungdom og unge einslige finn ikkje det dei ynskjar seg i fritida i bygda. I dei frivillige organisasjonane merkar ein at det er færre eldsjeler som vil ta på seg leiarverv. Det er usemje mellom organisasjonane knytt til marknadsdagane.

### **Livsfasabygda**

Bygda er ein av vinnarane i den regionale konkurransen om å sikre seg unge nyinnflyttarar. Fleire unge familiar vel å slå seg ned i bygda og sikrar seg tomt ved fjorden i bustadfeltet som vert gradvis utvida. Her i bygda får ein framleis stor tomt med utsikt mykje rimelegare (om ein reknar med eigeninnsats) enn kva eit hus kostar i byen. Felles for desse familiare er ei eller anna tilknytning til bygda, enten kjem ein av dei frå bygda, eller dei har slekt eller hytte her og har vore her mykje i oppveksten. Å bu i bygda gjev fleksibilitet både arbeidsmessig og økonomisk og samstundes trygge oppvekstvilkår for barn.

I perioden fram til 2013 blir det meir dynamikk i dei etablerte bustadfelte, og mange bustader vert selt. Fleire godt vaksne lærarar (utan slekt i bygda) og pendlarar med det til felles at ungene har flytta ut, flyttar til byen. Andre sel bustaden når ekteskap går i oppløysning. Nokre eldre ektepar vel å selje einebustaden og flyttar inn i dei nye leilighetene som vert reist ved kaien.

Bygda veks i folketal og i 2013 bur det over elleve hundre personar her. Det blir blant anna fleire unge familiar og fleire barn. På skulen er det eit jamt tilsig av elevar, men det er framleis god plass på skulen og lærartettleiken er bra samanlikna med byskulane. Ein lykkas ikkje med å få kommunen til å byggje ein idrettshall ved skulen. Det er for dårleg økonomi og utbygging av sjukeheim og eldrebustader vert prioritert.

Det er framleis slik at tenåringane ikkje synest bygda er ein kul stad å vere på kveldstid i helgene: *"det skjer for lite her og det er ingen stader me kan møtast"*.



Einslige og unge par utan barn slår seg ikkje ned i bygda, men derimot er det fleire godt vaksne par med bustad i byen som vel å bu i bygda om sommaren og i helgene. Dei bur ikkje i bustadfelta, men anten på hytter langs fjorden eller i nokre av dei gamle husa ved kaien.

### **Fritid i byen**

Fleire av dei unge nyetablerte har arbeid i byen, og dei prioriterer privat sosial omgang i nabolaget og hus og heim framfor å delta aktivt i lag og organisasjonar. I tillegg nyttar dei seg meir og meir av tilbod i byen. Fleire reiser gjerne i lag inn enten det er på kino, kulturarrangement, på treningsstudio eller berre for å gå i butikkar og på kafé. Deltaking i organisasjonar og møteaktivitet i byen trekk og mange inn dit på kveldstid.

Fleire som arbeider i byen brukar og meir av fritida med kollegaene. Då er det alltid slik at *“det er dobbelt så langt frå byen til bygda enn motsatt vei”*.

Dei som prioriterar byen og aktivitetar der, vert naturleg nok i mindre grad ein del av bygda. Etter kvart som ungane går over i ungdomsskulen og vidaregåande skule, er det fleire av desse familiane som har mykje av sitt sosiale nettverk i byen.

### **Båtlaget vinn over ungdomsarbeid**

Innbyggjarane i forstadsbygda prioriterar og meir private samvær framfor organiserte samvær i bygda samstundes som dei er meir retta mot byen. Dette gjeld i aukande grad når ungane ikkje lenger fungerer som det sosiale limet mellom familiar og knytt dei vaksne til organisasjonane. Dermed fell ein større del av ansvaret for å drive lag og organisasjonar på småbarnsforeldre som allereie er i tidsklemma.

Resultatet blir ei uttynning av organisasjonslivet. Fotballen slit - frå ungdomsskulealder av er det liten oppslutning og dei med litt talent og som vil satse, vel å reise til byen då det er betre treningsopplegg og innetrening der på vinteren. Speidaren held fram som før med god oppslutning i alle aldersgrupper. Her krevst det lite dugnadsinnsats. Misjonsforeininga er framleis aktive i arbeidet med barn og unge. Korpset slit - mange sluttar - arbeidet med å samla inn nok pengar til instruktørar, instrument, korpstur og uniform er tungt etter at den felles marknadsdagen gjekk i stå etter ein konflikt mellom korpset og båtforeninga om fordeling av inntektene. Pensjonistforeninga driv framleis bingo og eldretrim.

Båtforeninga er vinnaren i organisasjonslivet. “Primus motor” driv landhandelen ved kaien og har ordna eigne møtelokale for foreninga. Her er både hyttefolk og utanbygds folk, samt nokre bygdefolk medlemmer. Foreninga tek etter kvart over fiskefestivalen og utviklar det til eit forretningsmessig arrangement med privat sosial tilstelling på kvelden for medlemmene i båtforeninga.

### **Planprosessar splittar bygda.**

Kommunen sette i gang fleire planarbeid for å møte den auka etterspurnaden etter bustader og hytter. Det vart utarbeid ein kystzoneplan som og omfatta 100-metersbeltet langs sjøen og ein plan for kaiområdet. I prosessen som vara i fleire år, kom konfliktane til synes. Det var stor usemje om korleis bygda skulle utvikla seg.

Nokre av bøndene som eigde ned til sjøen på vestsida av vika, ynskte å selje delar av strandlinja til fritidsbustader/naust. Det protesterte dei som budde i bustadområdet ovanfor, på. Dei ynskte at strandlinje framleis skulle vere open og at det skulle leggjast til rette for parkeringsplass ved badeplassen og at denne skulle setjast av til eit offentleg friområde og ikkje inngå som ein del av naustområdet. Landbruksstyresmaktene støtta bøndene og gav til og med bygdeutviklingsmidlar til prosjekta. Planen vart godkjent i 2008 og to år seinare var til saman tre grupper av 5 fritidsbustader med naust reist.

Ei anna konflikt gjaldt eit område på austsida av vika og planane om utbygging i kaiområdet. Dei tre grunneigarane som eigde teigane på austsida av vika, fremma planer om golfanlegg, eit feriekompleks med fritidsbustader på austsida av kaien og utviding av campingplassen. Fase to av utbyggingsplanane inneheld fleire sjøretta fritidsbustader utover langs vika. Dei andre gardbrukarane som eigde areal lenger ut i vika og innover fjorden, såg for seg at deira areal som låg lengre ut på austsida av vika og innover fjorden på sikt kunne få auka verdi om tilkomst vart ordna. Frå den kanten kom ingen protestar, men eigarane av oppdrettsanlegget, på andre sida av fjorden protesterte. Dei meinte at auka ferdsel på sjøen og avrenning av særskilte gjødningsstoffar frå golfbanen ville innebære kroken på døra for oppdrettsanlegget. Dei næringsdrivande i sentrum protesterte og. Dei såg faren for at kaiområdet kunne bli ein konkurrent til sentrum oppe ved riksvegen. Protestane vart ikkje tatt til følgje. Kommunen meinte at oppdrettsanlegget kunne finna seg ein annan lokalitet og dei næringsdrivande berre hadde godt av litt konkurranse.

På mange måtar kan ein seie det var ein kamp om areal der dei som ynskte å satse på eit alternativ til landbruk gjekk sigrande ut. Planprosessane førte til nye alliansar, men og til motsetnader. Dei som ville halde på det gamle stod i mot dei som ynskte meir dynamikk og utvikling. Bygdefolket vart splitta. Mange var og lei heile diskusjonen og trakk seg tilbake frå tilstellingar eller situasjonar der tema kom opp.

### **Talet på gardsbruk halverast**

Mange av gardbrukarane tykkjer at dei økonomiske rammevilkåra er usikre. På fleire av dei mindre gardsbruka satsar ein ikkje lenger på modernisering og investering i nytt utstyr og nye driftsbygningar slik dei nye føreskriftene gjer påbod om. I staden leiger dei bort jorda.

Ein gardbrukar lenger inn i fjorden driv jorda på fleire av gardane i skråninga på vestsida av vika. Eigarane bur framleis på gardane og fleire av dei får etter kvart

inntekter frå sal av hyttetomter nede ved vika og også einskildtomter langs fjorden. "Øko-gardbrukarparet" fekk ikkje overta garden han leigde då ein slekting av den tidlegare eigaren nytta advokat og klarte å hindre salet. Resultatet var at dei flytta frå bygda. Dermed var drivkrafta for økologisk dyrking og gardsmatproduksjon i bygda borte. I 2013 var det berre ein aktiv bonde igjen på vestsida av vika - ein driftig ungar som dreiv både med sau, mjølkeproduksjon, og grønsaker.

Ein av gardbrukarane mellom kaiområdet og sentrum har "lagt inn åra" og leige bort jorda til nabogarden. Det var for mange nye reguleringar og inntektene sto ikkje lenger i samsvar med arbeidsinnsatsen. Han var nevenytting og fekk seg arbeid på trelastforretninga.

Sønene til to av dei eldre gardbrukarane med gardar på austsida av vika ynskte ikkje å ta over drifta og denne jorda vert og leigd bort til nabogarden.

I 2013 er det åtte aktive gardbrukarar i bygda, nesten ei halvering frå 2005. Det er to store bruk der dei har like mykje leigejord som eiga jord og der gardbrukarane har investert i nye moderne fjøs. Dei andre driv som før og skaffar seg ekstra inntekter gjennom sal av hyttetomter langs fjorden og bustadtomter midt i bygda.

Gardshusa vert halde vedlike, og det vert oppfatta som attraktivt å bu på dei litt større gardane i staden for i bustadfeltet.

### **Det er nede ved den gamle kaien det skjer**

I bakkant av den gamle trekaien er det bygd 4 leiligheter og 8 nye er prosjektert, alle med båt plass og utsikt over sjøen. Det er odelsgutten frå den garden som ligg på flata aust for vika som saman med eigarane av trelastforretninga har lånt kapital og satsa på å selje leiligheter til nokon som vil bu maritimt, landleg og samstundes til ein billegare pris enn i byen. Dei har og bygd ei ny innegjerda flytebrygge Halvdelen av plassane er avsett til leilighetene. Andre kan leige plass på årsbasis. Den gamle dieselpumpa er skifta ut med eit meir moderne anlegg og vert driven av landhandelen.

To kunstnarpar som driv med skulptur i tre og metall, leiger kvart sitt av dei gamle husa ved kaien og bur her delar av året. Dei har verkstad i det gamle ishuset.

Nede på kaien har landhandelen ope heile året og sel også daglegvarer. Landhandlaren har bygd ei kro vendt ut mot sjøen. Kroa har og pub og driv med catering. Her kan bygdefolket og leige selskapslokale, og mange verksemder frå byen leiger lokala til seminar og sosiale samankomstar. Dei har fått støtte frå Innovasjon Noreg til denne etableringa. Det er rigga til uteservering om sommarmånadene og då kjem båtfolk hit frå heile fjorden.

Det er eigaren av trelastforretninga, odelsgutten og landhandlaren som saman står bak det private reguleringsforslaget om golfanlegg, campinganlegg og fritidsbustader utover langs austsida av vika.

### **Stillstand i sentrum men fornying i industriområdet**

Det skjer ikkje store endringar i den fysiske utforminga av sentrum. Nokre av dei mindre butikkane vert skifta ut. Det er kome nye vietnamesiske eigarar av butikken. Desse bur i andre etasje i butikken. Den tidlegare eigaren syntest det var for strevsamt å konkurrere med det nye kjøpesenteret som opna i utkanten av byen. Butikken har ope frå morgon til kveld om kvardagane. Kjøleavdelinga er ikkje fornya, og mattilsynet har truga med å stenge butikken fleire gonger. Ingen av gardbrukarane sel lenger grønnsaker på parkeringsplassen.

På industriområdet har trelastforretninga fått dubla storleik og gjort seg om til eit moderne byggmarknad. Dei har "henta heim" fleire tømrarar i tillegg til at dei leiger inn folk når det er mange oppdrag. Dei yter god service, og bilane deira er å sjå mange stader i bygda. Dei andre verksemdene i industriområdet er stort sett som før, men bensinstasjonen har stadig utvida tilbodet av matvarer med mellom anna fryse- og kjøleskap.

### **Scenen i 2020**

No er riksvegen mellom byen og bygda blitt breiare og svingar er retta ut. Fartsgrena er 80 heile vegen. Når ein kjem hit i 2020, er mykje endra. Det fyrste ein legg merke til er nedsett fartsgrense alt ved industriområdet, deretter ein ny rundkøyning der det i tillegg til namnet på bygda (rett fram) står skilt til caravancamping, småbåthamn, turistinfo og kroa til høgre. Nedover den vegen er det fortau og nye lyktestolpar.

### **Industriområdet er blitt næringshage**

Verksemdene i næringshagen har utvida og er blitt meir moderne. Bensinstasjonen har fått vaskehall og nye pumper, butikken er utvida, gatekjøkkenet er pussa opp og har fått namnet vegkro og på plassen utafør er det planter og nye tømmerbord.

Byggmarknaden leverer no meir til hyttefolk og mindre til gardbrukarane. Dei har vidare laga ei eiga vedlikehaldsavdeling med erfarne folk som snekkarar, elektrikarar, røyrleggar og malarar. I tillegg til oppdrag for private (for det meste dei som eig hytter og private bustader) har dei overteke vedlikehald og vaktmeisteroppgåvene for dei kommunale bygga i bygda då dette vart lyst ut på anbod. Forretninga har kveldsope og har utvida med ein malaravdeling. VVS verksemda går framleis godt og dei samarbeider i nokre høve med trelastforretninga i entreprisar både her i bygda, i kommunesenteret og i byen.

Den lokale anleggsverksemda driv som før, men det er mindre arbeid for gardbrukarane og meir for hyttefolk. I tillegg har dei hatt mykje arbeid med den nye golfbanen. Dei har og fått til å nytte steinressursane meir, både til å lage natursteinmurar nede ved dei nye bygningane ved kaien, utfylling i sjøkanten og ved den nye naustrekka.

### **Eit slitt og umoderne sentrum**

I sentrum er det ikkje så store endringar i bygningsmassen - alt har berre vorte eldre og meir slitt. Rekneskapskontoret er lagt ned - dei få bøndene som er att får hjelp via internet - kontora og frisørsalongen er no gjort om til bustad for den pakistanske familien som etterkvart trong meir plass. Butikken har ope frå tidleg om morgonen til seint om kvelden. Utanom den vietnamesiske familien er det to av dei som var tilsett før som står bak disken. Folk handlar framleis dei mest naudsynte varene på butikken, men kaffikroken er ikkje det same sosiale samlingspunktet som tidlegare. Det er så mykje lysare og meir moderne butikklokale nede på kaien.

Avdelinga til felleskjøpet er lagt ned og det er reist fleire eldrebustader der lagerbygningen stod. Det var for få bønder igjen og det var meir lønsamt frå begge partar å levere varene med lastebil direkte frå butikken i byen. I den gamle lagerbygningen er det laga eit offentleg servicetorg - der innbyggjarane kan få alle offentlege tenester -dels via folk som er tilsett på servicetorget men og virtuelt - dette er noko av nyordninga som vart innført over heile landet som førebuing til endringane av kommunestrukturen i perioden 2009 - 2013.

Skulen, barnehagen og helsestasjonen er slått saman til eit oppvekstsenter, men både bygningane og uteområda er som før.

Frisørsalongen er flytta inn i lokala der ein før selde keramikk, lys og bilete. Dei fleste kundane er godt vaksne menn, dei som bur i dei tjue eldrebustadene eller andre som vitjar eldresenteret. Lokala til krimskramsbutikken står tomme, medan det er kome ein butikk som sel antikviteter og gamle furumøblar i lokala der ein før selde barneklede. Solstudioet har skifta ham og plass - det heiter no body & soul center og ligg i det nye bygget heilt nede i strandkanten der det både er treningsfasilitetar og ein liten "pleie og velværesalong" under oppbygging.

### **Kaiområdet er forvandla til urban sjøfront**

Nede ved kaien har det skjedd store endringar. Landhandelen er endra til ein moderne butikk som ligg i fyrste høgda av eit nytt forretningsbygg med "body & soul centeret" i kjellaren. Lokala til den gamle landhandelen er utvida og har spesialisert seg på båtsport, men har i tillegg også fiskeutstyr. Det er og mogeleg å leige båt og utstyr.

Det gamle ishuset er omgjort til eit moderne utstillingslokale. Det var dei to kunstnarektepara som tok initiativet, og med støtte frå den nye satsinga på kulturbasert næringsutvikling fekk dei realisert ombygginga. Kvar vinter vert det laga og stilla ut iskulpturar i ishuset. Det er ein stor attraksjon og mange legg søndagsutflukta hit frå byen. Dette er med på å gje kroa inntekter og i vinterhalvåret.

Det er bygd ny veg mellom rundkjøringa ved næringshagen og kaiområdet. Ovafor dei gamle pittoreske små husa er det ein stor parkeringsplass som kan nyttast både av båtfolk, fastbuande og dei som skal på butikken, fitness-senteret, kroa

eller utstillingslokala. Pendlarane i bustadfeltet langs vika og i dei nye bustadene ved kaiområdet, samt hyttefolk køyrer nyvegen og ikkje gjennom sentrum.

Ungkarane og dei eldre ungdommane i bygda møtest ikkje lenger på puben. Puben er blitt moderne og satsar på vin og mat i staden for øl og dartspill. Det gamle klientellet reiser i staden til byen.

Bortover frå kaien mot vest er det reist to bygg på tre etasjar og til saman 18 leiligheter. Alle har utsikt, ein privat terrasse, båtplass i småbåthamna og parkering på nordsida. Alle bustadene er selde og vaktmeisterteneste er inkludert i felleskostnadene. Det er stort sett godt vaksne og eldre som bur her. Det fleste har selt ein bustaden i byggjefeltet i bygda, men det er og nokre som har selt i byen og flytta hit. To nye bygg under planlegging.

### **Caravancamping, golfbane og hyttebygging**

På austsida av den gamle trebrygga leiger bonden ut den søre delen av grasmarka til caravancamping heile året. Det er ei god attåtinntekt til gardsdrifta. Lenger austover og utover langs vika er det bygd ny veg heilt ut til fjorden og tre tomter for sjøretta fritidsbustader er sprengd ut. På austsida av vegen ligg den nye 9 hols golfbanen som med god hjelp av tippemidlar, var ferdig for nokre år sidan. Nokre av den beste dyrka marka har gått med, men mange nye mindre teigar mellom knausane ut mot fjorden er og innlemma i golfbanearialet. Då golfbanen vart opna, viste det seg at marknaden for golf var metta til tross for optimistiske prognosar. Etter nokre år med dårleg drift vert selskapet slått konkurs. No vert areala nytta til beite. For den lokale anleggsverksemda var dette god butikk i fleire år. For dei tre gardbrukarane som deltok i satsinga gjekk det ikkje så bra, dei tapte mykje eigenkapital og hadde lite igjen for å investere i gardsdrifta.

Ein nedgang i det regionale arbeidsmarknaden i åra 2015 - 2020 knytt til omstrukturering i næringslivet førte til redusert regional kjøpekraft og mindreetterspurnad etter nye fritidskompleks. Folk ville heller ikkje bu så tett i fritida. Dei ynskte å velje stil og form på fritidsbustaden sjølv. Så mens dei utsprengde tomtene til fritidskompleksa ligg som ope sår, er det reist mange nausthytter utover vika og austover langs fjorden. Salet av desse tomtene har redda fleire av gardsbruka frå konkurs.

### **Tre gardbrukarar og resten eigedomsforvaltarar**

Det er berre tre heiltids gardbrukarar igjen i bygda. Dei driv med mjølk og grasproduksjon og har investert mykje i automatisering og logistikk. Det er ein midt i bygda og to på austsida av vika. Mest all oppdyrka jorda er leigd bort til dei tre gardbrukarane.

Ungkaren som dreiv garden på vestsida av vika, fann seg ei dame som i tillegg til vanleg jobb ikkje ville arbeide på garden slik dei gamle som budde i kårbustaden vona. I tillegg kravde ho at "kallen" tok sin del av barnepass og slutta å vere "måneskinsbonde". Avløyserordninga i bygda finst ikkje lenger då ungdommen syntest det vart for dårleg betalt samanlikna med andre jobbar. Det enda med at

også denne jorda vart leigd ut til bonden utanbygds frå. Gardbrukaren fekk seg arbeid hos "storbonden" midt i bygda.

Den nye vegen ned til kaiområdet tok mykje areal og gjorde drifta tungvint på den eine garden i midtbygda, og gardbrukaren slutta av. Dei tre som var med på investeringa i golfanlegg hadde ikkje nok kapital til å fylgje med på utviklinga til moderne landbruksdrift og slutta og av. Dei som dreiv med grønsaker, klarte ikkje å få lønnsemd i verksemda då priskonkurransen vart hardare. Kjøpesenteret i utkanten av byen hadde opna ei eiga avdeling for lokale økologisk dyrka gardsprodukt der ein kunne få betre betalt for varene. Ingen av gardbrukarane fekk godkjent varene sine som økologiske, etter den nye "øko-label-ordninga".

Dei eldste driftsbygningane er rivne, men mest alle gardshusa er halde godt i stand. Dei fleste er nytta som bustadhus av dei som eig garden. Nokre gardshus på dei mindre gardane er no fritidsbustad for utflytta sysken. Fleire av gardbrukarane har tent gode pengar på å selje hyttetomter og nausttomter nede ved sjøen og har og noko inntekter frå utleige av jorda. Det står ikkje lenger traktorar mellom gardshusa, men derimot SUVar. På tre gardar er det stall for ridehestar.

### **Private arrangement har overteke for dei kollektive bygdetilstellingane**

Fiskefestivalen er bytta ut med ei båtmesse kombinert med oppvisning på wakeboard og vannski. Bryggedansen er bytta ut med eit lukka arrangement på kroa for medlemmene i båtforeninga. Marknadsdagen vert ikkje lenger arrangert.

17 mai arrangementet er den tilstellinga som samlar flest folk i bygda. Men etter at korpset vart lagt ned er det ikkje den same stemninga lenger. Eit år var det "kunstig" musikk frå høgtalarar i toget, men dei seinare år har ein leigd inn eit av korpsa frå ei av bygdene på andre sida av fjorden. Dei kjem over med hurtigbåt etter å fyrst ha spelt i nabobygda. Fleire av elevane frå forstadsbygda spelar i dette korpset. Det er ikkje felles lapskaus lenger. Nokre går heim til seg sjølve, medan andre spis på kroa. Der er det laga underhaldning og leikar for barna.

### **Musikk og motor i vika**

Fiske og setjing av garn og teiner er det ingen som driv med lenger. Garn som heng på naustveggane, sløying av fisk på dei gamle trebryggene og ungar som pilka frå småbåtar er heilt borte. Det er trangt om plassen nede ved sjøen. Båtstø og gamle små nausta er bytta ut med store naust og opparbeidd strandlinje. Hyttefolk og dei som bur i dei nye leilighetene ved kaien og dei utanbygds frå med båt plass her, dominerer på sjøen. Det er eit yrande, men støyande liv frå påske til seinhaustes. Lyden av "waterjets og gummibåtar med mixmaster på frå tidleg morgon til seint på kveld alle vekedagar høyrer godt. Når det i tillegg vert spelt høg musikk i helgene på kroa er det fleire av dei fastbuande i bustadfeltet på vestsida av vika og i kaiområdet som har fått nok. Dei har meldt saken til myndigheta for å få innført støyrestriksjonar.

## **Bygda smuldrar opp og er splitta, men forstaden veks**

Dei busette på gardane og i det gamle byggefeltet gjer framleis sine innkjøp i butikken, mens dei i det nye byggefeltet og dei på kaiområdet gjer innkjøp ved kaien eller på bensinstasjonen. Mest handlar alle på det nye kjøpesenteret utanfor byen. Dei som reiser gjennom bygda, stansar ikkje lenger i sentrum - det ser for gammalt og slitt ut.

Folketalet veks jamt og trutt. I 2020 bur det om lag 1300 i forstadsbygda. Det er mykje inn- og utflytting. Dei som ikkje trivst så godt, flyttar til byen når barna er ferdige på ungdomsskolen og dei har råd til å etablere seg i byen.

Alle kjenner ikkje alle i bygda lenger. Ein kjenner naboane og foreldre til andre barn på det same trinnet på skulen. I tillegg veit ein om mange av dei som driv butikk og tenesteytande verksemdar i kommunen. Det er ikkje lenger på butikken, nede ved kaien, i kyrkja eller på bygdetilstellingar innbyggerane møtest og snakkar med kvarandre. Det er i handlekø og på kafé i kjøpesenteret utanfor byen innbyggerane frå forstadsbygda oftast møtest.

Det er etterkvart mange som ikkje føler seg heime i bygda. Dei berre bur her. Folk har så ulike interesser og kvar passar på sitt.

## **Kva vill ha skjedd om:**

### Internt

- Organisasjonane hadde vorte einige om korleis marknadsdagane skulle drivast i fellesskap?
- Fleire av gardbrukarane hadde satsa på gardsmat, lokal produksjon og sal av grønnsaker og andre produkt?
- Gardbrukarane hadde vore meir restriktive med å selje tomter?
- Øko-gardbrukarparet hadde fått overta garden?
- Bygdafolket hadde vorte einige om kor mykje bygda skulle vekse og korleis dei nye innbyggerane skulle integrerast i bygdelivet?
- Politkarane hadde støtta aktivt opp om senteret ved riksvegen og sett restriksjonar på utviklinga ved kaien og industriområdet?
- Politkarane hadde lagt til rette for oppdrettsverksemda i staden for fritidsbustader og golfanlegg?

### Eksternt

- Kjøpesenteret hadde kome på andre sida av byen eller om det hadde vorte enda strengare restriksjonar på å opprette kjøpesenter?
- Byen hadde lagt til rette fleire attraktive bustadområde?
- Kva om veksttakten i byen går ned?
- Kva om det ikkje blir kjøpekraft i byen til å kjøpe og pusse opp hyttene?







## Vi vil takke

Landbruk Pluss - Kirsten Ingjerd Værdal,  
Gaute Homb Lenvik og Astraea Antal

Informasjonsstaben i Landbruks- og  
matdepartementet - Anne Mette Johnsen

Øvrige medarbeidere i Landbruks- og  
matdepartementet

Departementer og direktorater som deltok  
i rundebordsworkshopen, høsten 2004

Fylkesmannen i Rogaland og  
Rogaland Fylkeskommune

Fylkesmannen i Troms og  
Troms Fylkeskommune

Personer konsultert i Vågå kommune,  
Hå kommune, Jonal kommune og Ølen kommune

Forfatter Bjørn Egil Erslund som har hjulpet  
med å omforme forskerspråk til fortellinger

